


Renovasjon

Innleiing


Behovet for areal til miljøstasjonar av ulike dimensjonar vil auka i planperiode med bakgrunn i forventa og ønska vekst og nye krav til kjeldesortering knytt til fritidseiningar. Det er òg eit ønske om estetiske betre returpunkt. I planprogrammet til KPA heiter det det «*Det er også ynskjeleg med eigne føresegner knytt til renovasjon og parkering, særleg i sentrum. Renovasjon bør bli enklare og meir estetisk finare i sentrumsbilete.*» Me vil i dette notatet foreslå areal og diskutere omsyn knytt til plassering av returpunkt.

Analyse abonnentar/brukseiningar i kommunen


Relevant for plassering og kapasitet på returpunkta er kvar hytte- og bustadområda er, og kva veg som fører til/frå områda der abonnentane har fritidsbustad/bustad. Figur 1 viser ein tettleiksanalyse på abonnentar/brukseiningar i heile kommunen. Figur 2-4 viser tettleiksanalysen i større målestokk for delområda Beitostølen, Yddin, og Luskeråsen-Vangsjøen.




Figur 1. Tal abonnentar i kommunen. Tettleik på 300 meter radius.



Figur 2. Tal abonnenter i Beitostølen. Tettleik på 300 meter radius.



Figur 3. Tal abonnentar Yddin. Tettleik på 300 meter radius.



Figur 4. Tal abonnentar Luskerråsen – Vangsjøen. Tettleik på 300 meter radius.


Vurdering

Kor god kapasiteten til eit returpunkt avhenger av bruken på fritidseiningane og der er det stor variasjon. For nye område meiner VKR at 150 einingar per standardpunkt er fornuftig, då er kapasitet i høysesong tatt med i vurderinga. I tabell 1 og figur 5-9 har VKR gjort eit tettleiksplott, skildring av standardpunkt og oppsett på kor mange standardpunkt det bør vera per punkt.


Tal oppsamlingseiningar per standardpunkt ser ein i tabell 1.

Tabell 1. Tal oppsamlingseiningar pr. standardpunkt..

| | Containerar | Nedgravd løysning |
|-------------------------------|-------------------------|------------------------|
| Glass/metall | 2 stk 3m ³ | 2 stk 3m ³ |
| Papp | 1 stk 10 m ³ | 2 stk 5 m ³ |
| Avfall til forbrenning | 2 stk 12 m ³ | 4 stk 5 m ³ |
| Plast | 1 stk 12 m ³ | 2 stk 5 m ³ |
| Mat | | |



Figur 5. Standard returpunkt med containerar.




Figur 6. Standard returpunkt med nedgravd løysning.


Kommentar frå VKR til arealbruk på nedgravd løysing: *Dobbelpunkt for nedgravd løysing går greitt å få det til på omtrent same arealet som enkelt, men det forutsette at ein har gjennomkøyring. For containere skal vi få til et dobbelpunkt ved å utvide med 5m til 30x20m 600m².*

Vi må nok uansett tilpasse plassen i kvart enkelt høve, ut frå dei stadlege forholda.

Med bakgrunn i analysen over tettleiken av abonnentar og etter drøfting med VKR vil vi tilrå følgjande omfang av returpunkt i kommunen:



Figur 7. Forslag til plasseringar av returpunkt i heile kommunen utanom Beitostølen.



| Nr. | Navn | Ant. Standard punkt | Nr. | Navn | Ant. Standard punkt | Nr. | Navn |
|-----|-----------------------------|---------------------|-----|-----------------------------------|---------------------|-----|-------------------------------------|
| 10 | Grønolen (eksist.) | 2 | 13 | Solbakken (ny) | 2 | 20 | Sentrum?? |
| 11 | Tverråne (eksist.) | 1 | 16 | Ljalovren/skibrua (eksist.) | 3 | 21 | Mulig ny felles miljøstasjon for ØS |
| 12 | Mørke/Okshovdhaugen (ny) | 2 | 17 | Bergane (eksist.) | 4 | | |
| 13 | Skistadion (eksist.) | 3 | 18 | Markahovda (eksist.) | 4 | | |
| 14 | Kiwi/Slåttestigen (eksist.) | 1 | 19 | Beito apartment I og II (eksist.) | 1 | | |

Figur 8. Forslag til plasseringar av returpunkt på Beitostølen og området rundt.

Vurdering av plassering av renovasjonspunkt i sentrum av Beitostølen

Av tilrådingane over går det fram at det bør etablerast eit nytt returpunkt i Beitostølen sentrum. Dette returpunktet bør vere ei nedgravd løysing, vera lett tilgjengeleg for mange, men samtidig lite eksponert frå gatebiletet. Det nye returpunktet vil erstatte dei container-løysingane som er i sentrumsområdet i dag. Me har vurdert følgjande lokalitetar:



Alt. 1 Bak Bryggerihuset.



Alt 2. Ved innkøyringa til Riddergården.



Alt 3 Ved Olavsgården.



Alt 4. Ved nytt kollektivknutepunkt/bak Gjestegården/hotellet.

Kommunen ser ikkje at nokon av desse alternativa er ideelle. Innkøyringa til Riddergården er for eksponert frå Bygdivegen. Alternativet ved Olavsgården er eksponert frå Beitestølsvegen og vil forringe eit område som i framtida vil vera ein viktig tilkomst til sentrumsparken på Bergojordet. Rådmannen vil rå til at vi ikkje går vidare med dei to alternativa. Med detaljplanlegging kan det vera mogleg å plassere eit returpunkt trekt tilbake frå Beitestølsvegen (Alt. 4) bak nytt kollektivknutepunkt/hotellet eller bak Bryggerihuset (alt. 1). Rådmannen vil rå til at alt. 1 og 4 vert høyrte og nærare utgreia.

Næringsavfall

Det vil også vera behov for å sikre ei miljømessig god handtering av næringsavfall. Krav til kjeldesortering og gjenvinning følgjer av anna regelverk. Det som kan vera aktuelt i KPA samanheng er å sikre ordningar for oppbevaring av næringsavfall som ikkje skjemmer sentrumsbiletet, både visuelt og i høve til luktplager. Det kan gjerast ved å fastsetje føresegner som sikrar at næringsfall

vert oppbevart i lukka rom før levering. Rådmann vil rå til at det vert innført følgjande føresegner for næringsavfall i KPA:

Næringsavfall må oppbevarast i lukka og avstengde rom før levering til gjenvinning eller sluttbehandling. Næringsavfallet skal i størst mogleg grad kjeldesorteras, og næringsverksemda må sikre at avfallet ikkje fører til luktplager eller at avfallet er tilgjengeleg for mus, rotter og andre dyr.